



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



UTVIDING BRØSKJALIA NATURRESERVAT

SURNADAL KOMMUNE

Høyringsfrist 02.05.2022

2021/2412

Framsida: Utvidingsområdet i øvre delar av lia ved garden Nestu (foto: Øivind Leren)

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypar i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Fylkesmannen fekk tilbod om friviljug skogvern på gnr 119 bnr 1 og 4 i Surnadal kommune. Det omfattar ei utviding av Brøskalia naturreservat med ca. 109 dekar skog. Naturreservatet ligg i lia på Brøskja i Stangvika. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 10.05.2021.

Brøskjalía naturreservat vart verna etter naturvernlova i 2003. Etter den tid har det vorte gjort mange endringar i forskriftsmalane, og statsforvaltaren foreslår difor ei større endring i verneforskrifta.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er basert på kartlegging av naturtypar i Surnadal gjort av Geir Gaarder og Ingvar Stenberg i 2009. «*Biologisk mangfald i Surnadal kommune. Supplerande naturtypekartlegging. Miljøfaglig Utredning Rapport 2009-33.*»

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Fylkesmannen meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 12.01.2022.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

I naturbase er det registrert tre lokalitetar med rik edellauvskog som dekkjer størstedelen av tilbodsområdet.

I sør ligg delar av ein kartlagt lokalitet Brøskja sør av kategori A (svært viktig) som vert omtala slik:

«Lokaliteten ligg mellom Stangvika og Brøskja, rett ovafor vegen nord for Rønnan og litt sør for Brøskja. Det er snakk om eit parti med ganske bratt, sørvestvendt edellauvskog. Det er skarp grense i nord mot eksisterande naturreservat (Brøskjalia). Det er også ganske skarp grense mot granplanting i sør, samt granplantefelt i aust. Mot vest er derimot grensa meir diffus og problematisk mot gradvis meir påverka mark, m.a. tilknytta nokre hytter. Det er uansett naturleg å ta med ein del av areala innafor hyttetomtene da det også der veks mykje edellauvskogsartar, og kanskje burde grensa ha vore trekt enda lenger ned i lia enn det som nå er gjort.

Det er snakk om ein svært rik edellauvskog av alm-lindeskogstypen, stadvis med dominans av hasselkratt, men også med ein del alm. Det vert etter kvart litt fattigare i øvre delar. Fleire berghamre som tydeleg er baserike ligg innafor lokaliteten. Fleire små bekkesig kjem ned lia. Det er for det meste frisk mark, men også overgang mot rik lågurtprega mark, særleg i midtre og øvre delar i nord.

Området har ein svært rik edellauvskogsflora som er fullt på høgde med sjølv reservatet, og ein kravfull og sjeldsynt art som slakkstorr vart funne her, men manglar i sjølv reservatet. I tillegg vart fuglereir (NT) funne i nord, Ramslauk dominerar over store areal. I tillegg er det mykje myske. Også artar som lundgrønaks, svarterteknapp og vårerteknapp er ganske vanlege. I tillegg kan nemnast vårmarihand, skogstorr, skogsalat, kratthumleblom, stortviblad (fleire førekomstar i nordre del), storklokke, sanikel, småborre, krattfiol (lokalt noko), kjempesvingel, fingerstorr, liljekonvall, bergasal, lodneperikum (sparsam) og brunrot. Meir negative innslag var litt platanlønn og akeleier. I tillegg vart ein ubestemt laukplante funne. Av lav så vart det sett lokalt grynfiltlav og vanleg blåfiltlav, samt at både *Gyalecta flotowii* (VU) og almelav (NT) vart funne på fleire av dei styva almene. På eit tre i sør vart også narrepiggsopp (NT) funne. På bergvegger veks mykje putevrimose og *Anomodon*-artar, og det er tydeleg ganske kalkrik berggrunn i området. Det er stort potensial for kravfulle og raudlista marklevande sopp her.»



Figur 1 Ramslauk er ein dominerande art sør i tilbodsområdet.

Nord i tilbodsområdet ligg Skaråkeren som er vurdert til verdi B (viktig). Den får følgjande omtale:

Lokaliteten omfatter mykje av sjølv den store berghammaren rett ovafor Skaråkeren og Brøskja, samt den skogkledte rasmarka på nedsida av denne. Lokaliteten grensar for det meste skarpt mot granplantinger i vest, ganske skarpt mot fattigare berg og anna naturtypelokalitet i aust, samt skarpt mot eksisterande Brøskjalia naturreservat i sør.

I rasmarka er det mest edellauvskogsvegetasjon av alm-lindeskogtypen. Nedre delar av berghammaren er ganske kalkrik og har innslag av tilhøyrande artar av moser og planter.

Lokaliteten har ein rik flora av dels den same typen som i reservatet i sør, men det gjennomførte rasmarskpreget fører til noko redusert variasjon i miljø og artsmangfald. T.d. er det lite ramslauk her. Det er derimot mykje myske, samt artar som sanikel, vårerteknapp, svarterteknapp, lundgrønaks, skogfaks og vårmarihånd. Av treslag er det litt alm (NT), noko hassel, samt boreale treslag som selje, bjørk og rogn. I berget vart det lokalt i nord funne murburkne, samt oppe i bergskorter m.v. bergasal, bergfrue, fjellarve og gjeldkarve. I tillegg vaks det mykje putevrिमose på nedre delar og eit par stader også krusfellmose, ein ganske sjeldsynt moseart i fylket.»

Aust i tilbodsområdet ligg Brøskja aust som er vurdert til verdi B (viktig). Den får følgjande omtale: «Lokaliteten ligg oppe i lia aust for Brøskja, ovafor den høge berghammaren. I kanten av berghammaren og dels på det litt flatare partiet innafor er det ganske rik vegetasjon. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot etablert reservat, samt anna naturtypelokalitet mot vest. Mot nord er det ei ganske klar grense mot fattigare mark, og mot sør dels anna lokalitet og dels granplantefelt. Derimot er det nokså diffus grense mot gradvis noko fattigare skog mot aust.

For det meste er det nokså rik lågurtmark innafor lokalitet, dels med ein del edellauvskogsplantar. I øvre, nordre del kjem det også inn litt fattigare overgang mot blåbærmark ut mot berghammaren, samt litt rik oreskog og høgstaudeprega rasmarskalmeskog inn mot ein mindre berghammar på austsida. Lokaliteten er ikkje på langt nær så artsrik som edellauvskogslia lengre nede, men har mykje hassel, og sparsamt med alm (NT) i nord. I feltsjiktet er det mykje myske, og lokalt i sør også ramslauk. I nordre del vart det funne litt lerkespore. På alm vart det i nord funne *Gyalecta flotowii* (VU). På ein ospelåg vart ospekjuka funne.»

Kunnskapsgrunnlaget viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Her er rik edellauvskog med stort innslag av alm, i lågareliggande område. Mangelanalysar av skogvernet gjort av Norsk institutt for naturforskning i 2016 viser at slik skog er underrepresentert i verneområda. Her er såleis både sjeldne og trua naturtypar og artar.

Avstanden til det nærliggande Brøskjahagen naturreservat er om lag 500 meter, og desse to reservata kan fungere som ei økologisk eining for artar som kan spreie seg over denne distansen.

Brukarinteresser

Slike lågareliggande skogar har tradisjonelt vorte utnyttta til ved- og tømmerhogst og beite. Kartlegging av produktivt skogareal (AR5) viser at her er ca. 109 daa som følgjer:

Skog, svært høg bonitet	Skog, høg bonitet	Skog, middels bonitet	Uproduktiv skog
89	6	15	24

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i delar av området. Det er påvist følgjande:

Nøkkelpotop MiS: 20 daa - Rikbarkstre

Svært viktige naturtypar : 11 daa – Rik edellauvskog

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m ³ /ha	100-200 m ³ /ha	200-300 m ³ /ha	300-400 m ³ /ha	➤ 400 m ³ /ha
3	89	0	16	1

Dette er ei utviding av eksisterande verneområde. Hovuddelen er lauvskog, og delar er svært bratt. Det er ikkje veg inn i området, men ikkje langt unna. Ifølgje skogbruksplana er det registrert eit granbestand i nordvest, i grense med allereie verna område. Vidare går forslaget så vidt innom to granbestand i sør. Ved utforming av verneområdet kan ein vurdere å trekkje grensene utanom granareala, men dette har ikkje tilbydar ønska. Det vil vere aktuelt å ta ut denne grana seinare som eit skjøtselstiltak.

Ein mindre del av foreslått område er registrert som svært viktig naturtype og nøkkelbiotop. Mykje av resterande areal ligg som viktig naturtype – edellauvskog. Delar av området er svært bratt, og hovuddelen er lauvskog, noko som gjer at arealet har mindre interesse for skognæringa.

Området vert no nytta til friluftsliv som storviltjakt og lokal turgåing. Det er eit hyttefelt og bustader nedom området.

Vi er ikkje kjent med kulturminne i området. S-Nett AS har områdekonsesjon, og har ei 22 kV kraftline som går langs sørgrensa av eksisterande naturreservat.

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Saksbehandling

Oppstartsmelding

Fylkesmannen sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for utviding av Brøskjalia naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 12.01.2022. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 15.02.2022.

Det har kome 6 innspel til oppstartsmeldinga. Statens Kartverk, Språkrådet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Direktoratet for mineralforvaltning og Statnett har ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat viser til at S-Nett AS har eit 22 kV distribusjonsnett nær eksisterande naturreservat og foreslått utvidingsområde. Dei ber om at S-Nett AS som vert med på høyringslistene. Vidare ønskjer dei følgjande tillegg til forskrifta:

- § 4 - oppgradering eller fornyelse av kraftledningar for heving av spenningsnivå og økning av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig.
- § 7 - oppgradering og fornyelse av kraftledningar som ikkje faller inn under § 4.

Statsforvaltaren viser til at det er unntak for drift og vedlikehald av lina i verneforskrifta § 4. Ei oppgradering av spenninga vil kunne kreve endring av stolpar og auka krav til breidda på ryddebeltet langs lina. Vi foreslår at slike tiltak evt. vert behandla som ein dispensasjon etter § 7, og har tatt inn NVE si formulering der.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Fylkesmannen med dette verneframlegg på høyring.

Skogen er taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Fylkesmannen om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2022.

Vedlegg 1.

Forskrift om vern av Brøskjalia naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjonmed heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Surnadal kommune: 119/1 og 4. Naturreservatet dekker eit totalareal på 185 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Surnadal kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrekking er forbode

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn

- e. beiting
- f. utsetting av saltsteinar
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jaktårn for storviltjakt
- h. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i. bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltaki samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyning skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i. bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta
- j. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane nemneverdig
- k. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- l. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g, h og j

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samstundes blir Forskrift om verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal, vedlegg 28, freding av Brøskjalia naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal, oppheva.